

FAGTEKSTAR I SKULEN

er temaet for dette nummeret av
Nynorskopplæring.

ERNA OSLAND skriv fagbøker for
born. Det er ein sjanger som krev
mykje av skribenten. **S. 4**

KOLVIKBAKKEN UNGDOMSSKOLE

let elevane få nynorsken inn med
mjølkekartongen. **S. 6**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 9 | HAUSTEN 2010 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Sakprosa for barn

TILGANGEN PÅ NYNORSKE FAGBØKER for barn er altfor liten. I 2008 kom det ut seks fagbøker for barn på nynorsk og 237 på bokmål. Fridomen til å velje nynorskbøker når barn er interesserte i å lese faglitteratur, vert då svært innskrenka.

Med læreplanen Kunnskapslyftet frå 2006 er fagskriving i skulen meir aktuelt enn før. Alle elevar skal lære å skrive ulike sjangrar i faga. Då er det viktig at elevane får lese faglitteratur på nynorsk som syner bruk av ulike sjangrar også utanom lærebøkene.

Norsk kulturråd har ei innkjøpsordning for faglitteratur for barn og unge som sikrar at det kvart år vert kjøpt inn maks 25 titlar i 1550 eksemplar til folke- og skulebibliotek. Ei statleg innkjøpsordning bør syte for at det finst mykje meir faglitteratur på nynorsk for barn.

Forteljing har lenge vore ein svært dominerande skrivemåte i sakprosa for barn og unge.

Dei nyaste sakprosabøkene for barn utfordrar gjerne etablerte skrivemåtar. Forfattarane vel seg utradisjonelle måtar å ordne stoffet på, dei vågar å vere drøftande og problematiserande der ein tidlegare har vore konstaterande og forenklande. Det finst ein auka vilje til å gjere den faglitterære teksta språkleg og retorisk utfordrande.

Erna Osland si bok *Skarpe tenner* er eit godt døme på nye skrivemåtar i nynorsk sakprosa for barn. Det originale grepet med å setje dyra sine tenner i sentrum liknar naturfagleg forskning og formidling. Men Osland forstår faglitterær skriving som språkarbeid, og ho utfordrar naturfagteksten ved å begynne i detaljen i staden for i hierarki og klassifiseringar.

Anne Steinsvik Nordal
LEIAR PÅ NYNORSKSENTERET



NYNORSKOPPLÆRING NR. 9, FJERDE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SKRIFTER: Auto, Dolly og Liza
SPRÅKVASK: Aud Søyland
PRENTEVERK: EgsetViketrykk AS
FRAMSIDE: Anne Angelshaug
BAKSIDE: Øystein Ottesen
ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!


Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no



Gjekk du glipp av Nynorskkonferansen i vår? No kan du sjå att førelesingar på nettstaden til Nynorsksenteret.

Førelesingar på nettet

TEKST: **Hjalmar Eiksund** BILETE: **Frå filmane**



www.nynorsksenteret.no/konferanse2010

NYNORSKKONFERANSEN er eit årvisst arrangement som tek for seg aktuelle tema knytte til nynorskopplæring i grunnskolen. Konferansen i år var lagd til Høgskolen i Sør-Trøndelag på Rotvoll i Trondheim og vart til i samarbeid med Skrivesenteret. Temaet var skrivning og lesing i ungdomsskolen og på vidaregåande trinn. No er hovudpunkta frå konferansen tilgjengelege på nett:

«Eg bruker bokmål når eg skriv nynorsk, viss ikkje, blir eg forvirra.» Stipendiat **KRISTIN KIBSGAARD SJØHELLE** tek utgangspunkt i dette sitatet for å synleggjere nokre utfordringar elevar frå vidaregåande skole har i møte med nynorsk som sidemål.

JON SMIDT er medaktør i prosjektet **SKRIV** og tek for seg skrivning som grunnleggjande ferdigheit og utfordring. I dette innlegget presenterer han elleve tesar for å lykkast med skrivning.

ODD GOKSØYR er lærar i ein vidaregåande skole med nynorsk som opplæringsmål. Han presenterer resultat frå eit prosjekt med vektlegging av skrivning i andre fag enn norsk. Det same prosjektet kan du lese om på side 10 her i bladet.

TORILL TØRJESEN OG PÅL WIIK er i dag tilsette ved Oslo vaksenopplæring, men har begge lang fartstid som lærarar i grunnskolen. Tittelen på føredraget deira er «Nynorsk: ein ressurs for minoritetsspråklege elevar!».

Innhold

Sakprosa for barn av Anne Steinsvik Nordal	S. 2
Førelesingar på nettet av Hjalmar Eiksund	S. 3
Frå flaskepost til fagbok av Janne Karin Støylen	S. 4
Herr Spiss går til scena av Janne Karin Støylen	S. 5
Nynorsken inn med mjøllekartongen av Hjalmar Eiksund	S. 6
Sjangervandring av Kristin Kibsgaard Sjøhelle	S. 8
Med nynorsk til betre skrivning av Odd Goksøy	S. 10
Facebarnebook av Janne Karin Støylen	S. 13
Vesideti: Allkunne av Øystein Espe Bae	S. 14
Boktips: Mine små leksikon av Irene Garnes Hareide	S. 14
Teikneserie: Havet av Øystein Ottesen	S. 16

Har du tips til stoff til bladet?
Send det på e-post til ato@hivolda.no.

Erna Osland skriv fagbøker for born. Måten ho skriv på, er med på å inspirere dei unge lesarane til å skrive eigne fagtekstar.

Frå flaskepost til fagbok

TEKST: **Janne Karin Støylen** BILETE: **Tinger Lise Belsvik** (frå boka *Sov søtt, herr Spiss*)

– **HAR DU NOKON GONG** fått ein flaskepost? Ein gong fekk eg ein flaskepost. Veit du kva som stod der? Alfabetet! Heile alfabetet, bokstav for bokstav. Til meg! Er det ikkje underleg?

Erna Osland fortel oppglødd. Spør. – Kven trur du hadde skrive denne flaskeposten? Kanskje det var ein liten gut som akkurat hadde lært å skrive? Akkurat lært alfabetet? Var det ikkje merkeleg at det var akkurat eg som fann flaskeposten? Du veit, å lese, seier ho alvorleg: å lese er det aller viktigaste vi kan lære eit barn. Tenk på alt du kan gjere med teksten! Du kan reise ut i verda, oppleve, lære. Du kan lese opp att, hoppe over, lese kvar som helst i boka, ikkje lese ho ut. Det ligg ein enorm fridom i det å vere lesar. Lesaren er fri!

– Å lese er ei trening i å leve, held ho fram. – Orda er så viktige. Å ta eit problem på alvor, erkjenne det, setje ord på det. Det er jo skrifta si oppgåve! Du får ei styring med det du set ord på. Born har dei fleste forteljingane sine framfor seg, og eg vil bidra til å stimulere dei. Eg vil gje dei innspel og kunnskapar slik at dei kan greie seg. Eg ynskjer å seie til eit barn: Du kjem til å greie deg! Bestem deg for det.

KORT OG KORREKT • Kunnskap er viktig for Erna Osland. Ho skriv fagbøker for born. Men ho gjev dei ei skjønnlitterær form. – Det er krevjande,



kan eg love deg, ler ho. Fagbøker må vere korrekte, det som står der, må vere sant. Difor har ein behov for å ta atterhald i slike tekstar. Dermed blir språket fullt av utposingar. Undersetningar, sidestillingar, langt mellom punktum og pausar. Det er ikkje ei god form for born. Eg må skrive kort og korrekt, rett og lett.

FAGBOK OM SØVN - Kvifor må vi sove? Den siste fagboka frå Erna Osland, *Sov søtt, herr Spiss*, handlar om søvn. – Alle born har greie på søvn, smiler ho. Men tenk på alt vi ikkje veit om det å sove! Verken foreldre, lærarar, forskarar eller ekspertar veit alt. Korleis søv spissmusa? Enn fiskane, endene og giraffane?

I boka møter vi herr Spiss, i korte vers som rimar. Han søv nesten aldri, berre to minutt om gongen, og han er alltid svolten! Herr Spiss har det travelt. Vi får vere med den vesle spissmusa

– På ein skule i nabolaget har dei sett i gang eit storstilt forskingsprosjekt om søvn etter at dei las boka. Dei intervjuar lærarane, familien, går frå hus til hus i bygda.

på ei farefull ferd på leit etter søvnen. Der møter herr Spiss mange andre dyr og får vite korleis dei søv, og kvifor dei gjer det akkurat slik.

– Eg prøver å vise borna kor lite eg skriv. Slik at dei også skal kunne gjere det. På ein skule i nabolaget har dei sett i gang eit storstilt forskingsprosjekt om søvn etter at dei las boka. Dei intervjuar lærarane, familien, går frå hus til hus i bygda. Kva tid legg dei seg? Er det forskjell på menn og kvinner? Kven ligg på sida, på ryggen, kor ofte snur dei seg? Dei reknar ut, lagar grafar og statistikk. Det er heilt fantastisk! Dei

intervjuar folk om kjæledyra dei har. Ein gut har ei bestemor i Latvia som har ein hund som legg hovudet inn i eksosrøret på bilen når han skal sove!

Boka om herr Spiss er ei fagbiletbok for dei minste. Men mykje av kunnskapen er ny for den vaksne lesaren. Saman kan dei leggje peikefingeren på den raude linja Inger Lise Belsvik har lagt inn i dei herlege illustrasjonane, springe saman med herr Spiss på jakt etter mat og søvn, undre seg og lære på vegen. Bokstavane er dei same som i flaskeposten.

Herr Spiss går til scena

I HAUST SKAL HERR SPISS ut på turné. – Eg held akkurat på å sy på han, fortel dokkespelar Adele Lærum Duus. Ho utviklar no ei figurteaterframsyning basert på Erna Osland si bok. Framsyninga skal presenterast på forfattersleppet i Bergen no i haust og vert også vist på Nynorskcenteret sitt FoU-seminar i byen 6. oktober. Deretter skal Herr Spiss på turné med den kulturelle skulesekken.

Adele Lærum Duus er også litteraturvitar og har i fleire år skrive om barnebøker på nett-staden www.barnebokkritikk.no.

– Eg er sterkt oppteken av at borna skal få møte ny, god litteratur. Det finst så mange måtar å gjere dette på, det prøver eg å vise i fram-



syningane mine. Temaet søvn er uendeleg! Elevane blir forskarar slik som Erna og eg har vore. Vi visste ikkje mykje om korleis dyr søv då vi sette i gang. No veit vi litt. Men det er så mykje meir vi ikkje veit, eg trur boka og framsyninga vil gjere ungane nyfikne. Kva med katte heime, marsvinet og undulaten? Mamma og pappa søv mindre enn eg, kvifor det?

Kombinasjonen av bok, teaterframsyning og idear til tema for utforsking er det mange skular som vil gjere seg nytte av.

– Eg er spent på turnéplanen, det er stor interesse for framsyninga vår. Ta gjerne kontakt med meg om de vil ha besøk av herr Spiss, avsluttar ho.

Kolvikbakken ungdomsskole i Ålesund med sine fire hundre elevar er bokmålsskolen som har gjort nynorsk til flaggsak.

Nynorsken inn med mjølkekartongen

TEKST: **Hjalmar Eiksund** FOTO: **Ole Martin Tonheim**



I 2002 VAR SKOLEN med på eit prøveprosjekt i regi av Noregs Mållag med lærebøker på nynorsk i RLE. Sidan 2005 har dette prosjektet halde fram med støtte frå Nynorsksenteret. No utvidar skolen tilbodet til òg å gjelde samfunnsfag. Magritt Jarlsdotter Grimstad er overtydd om at det har hatt god effekt på haldningane elevane har til nynorsk. Ho er lærar i norsk og RLE, og var

kontaktlærar for ei av tiandeklassene som gjekk ut av skolen i vår.

– Eg har sjeldan hatt ei klasse som er så positiv til sidemålet sitt. Vi har aldri hatt noka form for diskusjon om kvifor vi skal lære nynorsk.

Nynorsk som sidemål er under sterkt press, spesielt i og rundt hovudstaden. Bortfall av skriftleg sidemålsopplæring blir av mange sett på som

For å bli ein dugande nynorskskrivar må ein sjå skriftspråket i bruk.

saliggjerande i jakta på betre norskkarakterar i grunnskolen. Kolvikbakken ungdomsskole går andre vegen. Eitt av argumenta er at meistarar ein nynorsk godt, har det positiv effekt på norskkompetansen som heilskap.

FRIVILLIG • For å bli ein dugande nynorskskrivar må ein sjå skriftspråket i bruk. Det er her nynorske lærebøker i andre fag enn norsk kjem inn. Ved at elevane ved Kolvikbakken ungdomsskole dagleg ser nynorsk fagtekst i samfunnsfag eller RLE, blir nynorske formuleringar og stavemåtar ein naturleg del av språkkompetansen.

– Sjølv om både bøker og lekser er på nynorsk, er det opp til kvar einskild om dei vil gjere leksene sine på nynorsk i tillegg, forklarar Magritt. Målet er ikkje å gjere RLE eller samfunnsfag til nynorske fag, men å gi elevane høve til å sjå nynorsk tekst i nye sjangrar.

Å SETJE OM TIL BOKMÅL • Vi snur på flisa i forhold til mykje tradisjonell sidemålsundervisning. I staden for å ta til med grammatikken og synonymordboka er alle kopiar, tavleskrivinga, arbeidsplanane og prøvene allereie på nynorsk.

Elevane forstår brorparten utan vanskar, men stoggar opp med einskildord. Vi konsentrerer oss deretter om kva desse orda blir på bokmål.

Kvar veke plukkar Magritt ut to nynorskord frå lekse som elevane får i heimeoppgåve å setje om til bokmål. Etter fem veker er det gloseprøve, stort sett med gliitrande resultat.

– Sidan orda er ein del av lekse, blir ikkje innlæringa av nynorske synonym noko ekstraarbeid, det blir derimot ei naturleg utviding av ordtilfanget.

Ho ser klare pedagogiske fordelar med å jobbe på denne måten. – Det viser seg at det er enklare å stoppe opp for å få einskildord forklarte under påskot av at det er nynorsk, enn å innrømme at ein ikkje forstår tekstar på bokmål. I RLE kan vi til dømes ta oss tid til å forklare ordet «kyrkjelyd», medan få vågar å spørje om kva det tilsvarande ordet «menighet» eigentleg betyr,

sjølv om det langt ifrå er like innlysande for alle. Når vi legg vekt på at elevane skal lære nynorske ord og omgrep, senkar vi terskelen for kva det er lov å spørje om.

MJØLKEKARTONGAR • Klassa har hatt reklameprosjekt med nynorske reklametekstar. Elevane har mellom anna laga mjølkekartongar med nynorsk tekst etter inspirasjon frå juice- og saftkartongane til Lerum. Kreativiteten i klassa var stor, og resultatet står no utstilt på biblioteket. Slik blir nynorsk tekst ufarleggjord og alminneleggjord. Nynorsk kjem så å seie inn med mjølkekartongen.

– Eg kan sjølvsagt ikkje garantere at desse elevane er betre i nynorsk enn andre, men eg kan skrive under på at dei har gode haldningar som vil kome dei til nytte seinare i livet, avsluttar Magritt Jarlsdotter Grimstad.

Elevane har mellom anna laga mjølkekartongar med nynorsk tekst.



Tips til supplerande arbeid med nynorsk

- Nynorsk er ikkje tabu. Snakk om nynorsk allereie første skuledag i 8. klasse.
- Snakk med foreldra på første foreldremøtet.

Vekevisse nynorskdrypp

- Alle prøver, kopiar, tavleskriving og arbeidsplan for faget med nynorskbøker er på nynorsk.
- To nynorskord: – *Korleis skriv du dette på bokmål?*, med påfølgjande gloseprøve.
- Nynorsklekse nesten kvar veke.
- Nynorsk-kvarten: Med bakgrunn i ein idébank må to og to elevar framføre tekstar/songar av forfattarar og artistar som nyttar dialekt eller nynorsk.

Større prosjekt

- Grundig arbeid med dialektar. *Dialektspelet* på storskjerm. I tillegg har klassa lytta til artistar som syng på dialekt.
- Språkhistoria på 45 minutt, frå urtida og fram til i dag
- Reklame på nynorsk
- Lese- og skriveverkstad på nynorsk
- Bokmelding på nynorsk
- Forfattarbesøk

Nettressursar

DIALEKTSPELET inneheld over seksti ferske dialektprøvar frå heile landet, og er laga slik at det er lett å greie litt, og svært vanskeleg å greie alt. CD-versjonen har vore på marknaden sidan 2003 og kan tingast på nettstaden til Nynorsk kultursentrum:

www.aasentunet.no

TEKSTBASEN er ei Internett-basert sakprosa-samling som viser fram eit knippe av autentiske nynorsktekstar henta frå aviser, tidsskrift og nettstader. Her finn du òg døme på reklamar med nynorsk tekst:

www.nynorsksenteret.no/tekstbasen

«Hetta til Raudhette har aldri vore raudare enn ho var i går, etter fire klaustrofobiske, dramatiske timar i magen på ein ulv. No rasar diskusjonen på Løvebakken om kva som skal gjerast med ulvebestanden i Noreg.»

Sjangervandring – eller då Raudhette vart tabloid

TEKST: **Kristin Rihsgaard Sjøhelle** BILETE: **Eleve**tekst OG **Gustave Doré**

DET ER TID for reportasjeskriving i klasse 1E. Journalistane Rikke og Atif samanliknar notat frå åstaden og diskuterer tittel og ingress. Nyheits-saka deira har alt: Ho er sensasjonell, valdeleg og verknadsfull – og ho har ein lukkeleg slutt. I alle fall for den stakkars raudkledde jenta og bestemor hennar. Som kjent gjekk det verre med ulven, og dermed har ein kanskje også ein politisk brannfakkel på gang. Utfordringa er å fange alle elementa inn i ein reportasje i tabloidavisa, og å fange lesarane før nokon andre gjer det.

TABLOIDE TEKSTAR - Skriveleiken i 1E har sitt utspring i arbeid med ulike skjønnlitterære tekstar. Elevane har gått grundig til verks med mellom anna eventyret om Raudhette og ulven. Dei har lese det opphavlege eventyret, dei har sett på korleis eventyret blir brukt i andre tekstar som metaforar, og dei har diskutert kunst der eventyret blir tematisert.

Målet med arbeidet har vore å setje søkjelys på ulike sider av ein tekst. Før skrivinga tek til, skal elevane bli kjende med litterære verkemiddel, og dei skal kunne vurdere kva som er viktige sjangertrekk i ein nyheitsreportasje. I klassesamtale har vi trekt fram den tabloide pressa og sett på henne med ein viss ironisk distanse. Kva er typiske Dagblad-overskrifter? Kva nyord finn vi i

Det finst mange gode tilnærmingar til det å lage reportasje. Når vi tek i bruk eit kjent eventyr som utgangspunkt og let sjangeren vandre frå ein teksttype til ein annan, kjem det òg inn eit element av leik.

VG? Korleis illustrerer teksttypene på framsida ei tragisk nyheit? Korleis blir fagfolk og vitne trekte inn i teksten? Kva inneheld ingressen, og korleis lagar ein gode småoverskrifter?

KREATIVT - Det finst mange gode tilnærmingar til det å lage reportasje. Når vi tek i bruk eit kjent eventyr som utgangspunkt og let sjangeren vandre frå ein teksttype til ein annan, kjem det òg inn eit element av leik. Skal reportasjen bli god, er det ikkje nok å referere det som har skjedd, det veit jo alle. Her må ein krydre teksten med detaljar, ironi og doble botnar, og kreative vinklingar. Passande bilete kan elevane hente på nettet eller lage sjølv. Samstundes skal det vere tydeleg at teksten er ein reportasje som kunne stått i ei avis, med alle krava dette stiller til denne typen samansett tekst. Eit fint utgangspunkt for skrivinga er å tildele elevane rolla som nyheitsjournalistar. Det er lurt å skrive to i lag, og oppstarten

kan vere å gå saman og ta notat frå «åstaden», der dramatikken toppar seg i eventyret.

INSPIRERANDE - Dette er ein type skriveoppgåve som elevane gjerne kastar seg over med stor iver og inspirasjon. Derfor er det òg ei oppgåve som gjerne kan gjerast i samband med sidemålsopplæring på nynorsk. Den ferdige teksten bør kunne visast fram til resten av klassa, og då blir det ekstra viktig å arbeide med både rettskriving og eit godt ordval, ikkje minst i overskriftene. På den måten får elevane også inn eit språkleg medvit som alle journalistar bør ha med seg, anten dei skriv for ei nynorsk- eller ei bokmålsavis.

OG KORLEIS GJEKK DET MED RAUDHETTE? Ho tok ein heil del nye retningar etter at ho vart utsett for den tabloide pressa. Og det same kan fort skje for andre eventyrfigurar som har dramatiske historier å fortelje.

Ulv, bestemor og jente skremte innpåsliten tømmerhoggar

Tømmerhoggar
trua ulv og jente (11)
med øks.

(Torkeskogen): Politiet
fått melding om
inga onsdag
fredag og rykka
keleg ut til
å følge ein
frå
en
skulle ein
ne ha gått
in privat
inn i eit
veg



- Det var helt vanvittig.
Mannen skremte oss i
ulv og nå truede. Vi
trudde vi skulle dø.
men vi klarte å flykte
bort fra der.

skrekken har gått over
oss.
Mannen skremte oss i
ulv og nå truede. Vi
trudde vi skulle dø.
men vi klarte å flykte
bort fra der.



Tips til arbeid med sjangervandring med Raudhette

- Engelske Wikipedia har utfyllande informasjon og illustrasjonar til dei tidlege versjonane av eventyret: http://en.wikipedia.org/wiki/Little_Red_Riding_Hood
- På nettsida Billedkunst kan du lese ein artikkel om korleis tema frå Raudhette blir brukte i kunst: <http://www.billedkunstmag.no/Content.aspx?contentId=516>
- Raudhette tematisert i annan litteratur. Eit døme er Unni Lindells krimroman *Rødhetten*. Ei bokmelding av denne finst på: <http://www.aftenposten.no/kulund/litteratur/article845632.ece>
- Eit anna døme på bruk av Raudhette er teikneserien *Rødhetten* og offentleg etat av Jorunn Hanto-Haugse: <http://www.haugseillustrasjon.no/Rodhetten.html>

«Med nynorsk til betre skiving – med skiving til betre læring» er arbeidstittelen på eit prosjekt med skiving i fleire fag ved Ulstein vidaregåande skule.

Med nynorsk til betre skiving

TEKST: **Odd Goksøyr**

Det har vore lite kommunikasjon mellom norsklæraren og andre teksttradisjonar i skulen. Det ville vi freiste å endre på.

LÆREPLANANE I KUNNSKAPSLYFTET legg vekt på skiving som ei av fem grunnleggjande ferdigheter i alle fag. I tillegg har dei nye læreplanane auka vekt på sak- eller fagskriving. Tradisjonelt har norsklæraren vore den som hadde ansvaret for tekst- og språklæring på norsk i vidaregåande skule, og det har vore lite kommunikasjon mellom norsklæraren og andre teksttradisjonar i skulen (som rapportskiving i naturfag, samfunnsfaglege drøftingar osv.). Det ville vi freiste å endre på, og vi sette difor i gang eit prosjekt der norsklærarane samarbeidde med andre faglærarar.

Utgangspunktet i prosjektet er at det finst ein del grunnelement som kan sjåast i samanheng (sjå illustrasjonen): kompetanse i nynorsk, tekstkompetanse, samanheng mellom munnleg og skriftleg, og sjølvstendig kompetanse i ulike fag.

Reint praktisk vart prosjektet starta opp på VG2, der alle norsklærarane samarbeidde med nokre andre faglærarar (kjemi, treningslære og IT) som låg i same «blokk» på timeplanen. Dette involverte til saman seks klasser. Den konkrete skivinga med utgangspunkt i prosjektet

(elevane skreiv sjølvstendig også «vanlege» tekstar i dei ulike faga) var skiving av konsentrerte fagtekstar (korttekstar) som vart vurderte i det aktuelle faget, og ein større tekst, fagartikkel, som vart vurdert av både faglærar og norsklærar.

KORTTEKSTANE • Tanken bak å skrive korte, konsentrerte tekstar var å finne ei form der eleven både måtte gjennomføre ein skriveprosess med grundig gjennomarbeiding av ein tekst og å gi og få respons. I mange fag er dette også ein teksttype som kan inngå i ein skriftleg eksamen (m.a. i norsk). Elevane vart delte i skrive- og responsgrupper på tre, og all tekstproduksjon skjedde i faste malar, slik at all skiving knytt til ei oppgave vart samla i eitt dokument. Oppgåvene var individuelle slik at ein klasse på 27 elevar hadde 27 ulike oppgåver innafor emnet. I tillegg til den skrivne teksten måtte kvar elev lage eit kort føredrag over si oppgave som dei heldt for klassen. Dermed fekk ein eit munnleg element i opplegget, og dette fungerte også som repetisjon og utdyping reint fagleg. Den munnlege presentasjonen skulle vere eit sjølvstendig arbeid, ikkje ei opplesing av kortteksten.

I norsk gjennomførte ein to omgangar med korttekstar, ein som heimearbeid, og ein som skulebasert skiving. Det siste fungerte best, sidan opplegget krev samarbeid og disiplin av alle elevane. Alle utkast må til dømes liggje føre når responsen skal skrivast.

FAGARTIKKELEN • For fagartikkelen vart det gitt ei temaformulering for kvart fag. Eleven måtte så sjølv utforme problemstilling og oppgåvetittel. Her var det også formelle krav til kjeldebruk og omfang. Eit spesielt forhold for nynorskelevar er at dei fleste norske kjeldene vil vere på bokmål. Dette kan sjølvstendig sjåast på som eit problem, men kan også bli ein styrke: Ein nynorsksbrukar må dermed vere meir medveten om korleis ho bruker element frå kjeldene inne i sin eigen tekst, noko som kan resultere i eit meir personleg og gjennomarbeidd språk.

Fagartikkelen vart gjennomført tidleg i andre termin. I tillegg til at både faglærar og norsklærar vurderte kvar enkelt tekst, valde dei involverte lærarane ut ein del tekstar som vart vurderte og drøfta i fellesskap. Særleg var det siste ein nyttig prosess.

ERFARINGAR • Så langt kan vi seie at samarbeidselementet og vektlegginga av tekstkompetanse på tvers av faga har fungert positivt. Men samarbeid krev organisering, og det kan vere eit problem når mange lærarar skal samarbeide på tvers av faga. I kva grad eit slikt prosjekt fører til auka læring for elevane, er sjølvstendig vanskeleg å måle, men prosjektet har element som vi trur kan styrkje systematisk arbeid og bevisstgjering rundt fag- og skriveprosessar.

Nynorsk

VED Å LEGGJE VEKT PÅ
NYNORSK FÅR ELEVANE
AUKA SPRÅKTRENING OG
SPRÅKBEVISSTHEIT

SKRIVEKURS NYNORSKKURS FELLES MÅLAR

Skriving

ELEVANE SKRIV BÅDE
KORTE TEKSTAR OG
STØRRE TEKSTAR

Samarbeid på tvers av fag

VED Å SKRIVE I FLEIRE
FAG FÅR EIN MEIR SKRIVE-
TRENING UTAN Å DRUKNE
I ARBEID

Samansette tekstar på nynorsk?

Tekstbasen

www.nynorsksenteret.no/tekstbasen

Tekstbasen er ei samling av nynorske sakprosaetekstar – alt frå reportasjar til reklame. Tekstane er autentiske tekstar henta frå ulike aviser, blad og nettstader.

Teikneseriar

www.nynorsksenteret.no/teikneseriar

På teikneserieevstaden finn du sider og striper med 25 nynorske teikneserietitlar. Vevstaden kan òg by på lærarressursar med opplegg og ei innføring i korleis ein kan laga teikneseriar.

Nynorsk for dei minste

www.nynorsksenteret.no/born

På dei nye sidene om nynorsk for dei minste finn du mellom anna animasjonsfilmar og teikneseriar som høver for born i barnehagen og på barnesteget.



– Titus Kodzoman og eg møttest då eg studerte på Falmouth College of Arts i Cornwall for mange år sidan. Etter kvart fekk vi kontakt igjen på Facebook. Han hadde byrja å skrive, eg hadde byrja å illustrere. Vi hadde aldri komme til å lage denne boka om det ikkje hadde vore for Facebook, slår Anne Angelshaug fast.

Facebarnebook

TEKST: **Janne Karin Støylen** BILETE: **Anne Angelshaug** (frå boka *Torbjørn Isbjørn*)

ANNE ANGELSHAUG har laga framsideillustrasjonen til dette nummeret av *Nynorskopplæring*.

– Sakprosa for barn var utgangspunktet eg fekk. Spennande, men ikkje lett! Eg likar veldig godt å illustrere for barn, det er lettare enn å illustrere for vaksne. Opnare. Og eg likar veldig godt å gjere det i Noreg! Eg trur ikkje dei ville ha gjeve ut dei sære bileta mine i England, dei er så konservative, ler ho. I fjor haust debuterte ho som barnebokillustratør med forteljinga om Torbjørn Isbjørn.

– Dei ville i alle fall ikkje ha gjeve boka ut som ei barnebok, det måtte ha blitt som kunstbok eller noko, svarar ho på spørsmål om det kan vere aktuelt å gje ut boka i England, til dømes.

OFFENSIVE FORLAG • I Noreg derimot er forlaga offensive og modige, meiner Angelshaug.

– Skald forlag gav meg fritt spelerom i arbeidet. Det er eg så glad for! Eg har ikkje tenkt på at eg skal tilpasse meg målgruppa, teikne meir barnevenleg. Eg arbeider intuitivt og kan ikkje forklare kvifor eg lagar bileta mine slik eg gjer. Likevel trur eg at uttrykket blir barnevenleg når eg får stå så fritt. Eg vil gjerne illustrere fleire barnebøker. Og vi har ein ny idé, Titus og eg. Vi kjem nok til å snakke på Facebook fleire gonger, avsluttar Anne Angelshaug lurt.



Er du på jakt etter gode undervisningsopplegg? Treng du døme på teikneseriar eller velskrivne reportasjar på nynorsk? Leitar du etter tips om gode, nye nynorske tekstar?


www.nynorsksenteret.no

Undervisningsopplegg, boktips, tekstsamlingar og mykje anna ...

Få nyhende og oppdateringar frå Nynorsksenteret på Facebook:
www.facebook.com/nynorsksenteret



B

NOREG



P.P.

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



Havet av Øystein Ottesen

Nynorskopplæring er gratis, og kjem med tre nummer i året.
Tema for neste nummer er musikk. Send eit e-brev til ror@hivolda.no
for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!